

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest HF

**DATO:** 04.05.2016  
**FRÅ:** Kst. Administrerende direktør Ola Rye  
**SAKA GJELD:** **Revidert årsplan for styret 2016**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** 025/16

**STYREMØTE:** 11.05.2016

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtek revidert årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2016.

## **Oppsummering**

I tidligere vedtekne årsplan for styret (sak 043/15 ) i Sjukehusapoteka Vest 2016 er det lagt opp til 8 styremøter i 2016 . Erfaringa så langt i 2016 er at det synest som styremøte kjem noko tett og at det kan være eit behov for å revidere årsplanen. Forslag til revisjon av årsplanen går fram av vedlegg 1 der forslag til endringar er merka med raud. Endringane er kort summert opp nedanfor:

### *Styremøte 23. juni 2016*

Det vert føreslege å ikkje avvikle ordinært styremøte, men gjennomføre eit telefonmøte om mandat og status på utredning av organisering av sjukehusapotekføretak. Ein legg då til grunn at mandat føreligg på dette tidspunktet og arbeidet er kome i gang. Sak om risikovurdering fyrste tertial er flytta fram til dagens møte. Sak om budsjettprosess 2017 vert føreslege å flytta ut til møte 31.august.

### *Styremøte 31.august 2016*

Møte vert avvikla som planlagt. Sak om organisering og Budsjettprosess 2017 vert lagt til i saklista.

### *Styremøte og styreseminar 5. oktober.*

Opprinneleg plan la opp til ei samling over to dagar (5 og 6. oktober). Det vert føreslege å endre dette til ein dag i forlenginga av Helse Vest sitt styreseminar 3. og 4. oktober i Stavanger. Litt avhengig av agenda frå Helse Vest RHF den 4. oktober kan det være aktuelt å avvikle styremøte 4. oktober om ettermiddag/kveld. Sak om risikovurdering 2. tertial vert føreslege å flytte fram til dette møtet. Ein legg til grunn at strategiarbeid i Helse 2030 og utredning om organisering er kome så langt at styreseminaret den 5. oktober bør fokusere på dette.

### *Styremøte 9. november*

Opprinneleg plan la opp til styremøte 9. november. Det vert føreslege å ikkje gjennomføre ordinært styremøte sidan det er berre er vel fire veker sidan førre møte. Revidert plan legg opp til at ein kan avtale eit telefonmøte om strategi og organisering av sjukehusføretak om dette viser seg naudsynt.

### *Styremøte 14. desember 2016*

Inga endring.

Sidan ein reduserer tal møter føresler ein å avvikle møta ved fysisk oppmøte. Unntak for dette er om det vert aktuelt å gjennomføre møter i juni og november som telefonmøte.

Administrasjonen vil etter vedtak av revidert møteplan omgåande sende ut oppdatert outlook-invitasjon til styremøta i 2016.

Vedlegg ; Revidert Årsplan for 2016